

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

4. søndag i fastetida – 14. mars 2021

Evangelietekst: Joh 3, 11-16

Lesetekst I: 4 Mos 21,1-9

Lesetekst II: 2 Kor 5,18-21 (**prekentekest**)

Forsoning og *shalom*

Om dagen

Fjerde søndag i faste er gjerne kalla «midtfaste», noko som berre gir meining når vi huskar at fastetida varer til påskenatt, då den går over i den kristne påskefeiringa og vi helsar kvarandre med «gledeleg påske!». For nokon er det litt forvirrande, fordi påska i jødisk kontekst primært handlar om påskemåltidet og lammet som blei slakta som basis for utgangen. Folk flest kallar det likevel påske heilt frå palmehelga, som om det var noko betre ...

Denne søndagen har eit visst mangfald av tekster i dei tre rekkene, men eitt fellestrekk kan vere at dei handlar om han som gav seg sjølv for oss. Slik peikar dei mot langfredag. For søndagens lesetekstar er det tydeleg nok, med kopperlangen i ørkenen og Jesu ord til Nikodemus om han som skulle løftast opp på korset.

Om teksta

I år er det opna opp for preike med tekst brevlitteraturen denne dagen. Nokon av oss skulle ønske at det skjedde langt oftare, fordi desse tekstane faktisk er blitt til som formidling til forsamlingane og også tar opp mange aktuelle spørsmål både om trua og om livet i fellesskapet og i verda. Vi får glede oss over dei vi får. Eg er vel også slik skrudd saman at eg skulle ønske ein våga seg på litt lengre og udelte tekstavsnitt. Det naturlege her ville vere vers 11-21.

For preika denne gongen vil eg likevel nøye meg med å be predikanten ta med ekstra vers 17. «Men alt dette» i starten av vers 18 gir inga meining utan at vi drar med oss kva «dette» er, nemleg det vers 17 seier om det gamle som er borte og det nye som er kome til for oss som nye skapningar i Kristus. Ingenting av dette er av oss! Frelsa er fullt ut eit guddommeleg verk.

Forsoning og fred med Gud

Elles handlar Paulus-teksta om forsoninga. Det er Paulus som har gitt oss og prega dette ordet i sine brev. Det greske ordet *katallegæ/katallasså* betyr forsoning/forsone. Ordet er ikkje henta frå ofringane eller frå rettsspråket, ja, i liten grad frå GT også, slik andre ord i NT om soning og forsoning kan vere. Ordet er primært eit relasjonsord. Utgangspunktet er brotne og dårlege relasjonar, ein realitet som altfor mange i vår samtid kjenner på, langt inn i dei nære relasjonane. Dess nærare dess sårare. Ordet kan også brukast om politiske konflikhtar og ufred.

Teologihistoria har mange og store diskusjonar om korleis vi skal forstå forsoninga, ikkje minst om Gud er subjekt eller objekt. Når dette ordet blir brukt, er Gud den som tar alt initiativet og den som heilt og fullt ordnar med vilkåra for forsoning. Det er ikkje han som har skapt problemet. Sånn sett er det ikkje ei forsoning mellom to likeverdige partar. Når vi menneske kjem i konflikt med kvarandre er det oftast mellom partar som begge ber ansvar for det vonde. Normalt ligg det då eit ansvar på alle dei skuldige til å gjere opp for seg.

Når Gud handlar i Jesus Kristus er det vi menneska som har skapt problemet, men det er Gud som tar ansvar for å løyse dei. Det er Gud som gjer relasjonane heile. Han forsonar verda med seg og gir oss slik fred med Gud. Bak dette høyrer vi klangen og fylde av det hebraiske *shalom*, fred og velstand i alle relasjonar.

Sjølv om ordet *katallasså* dominerer teksta her, ser vi likevel også andre perspektiv ved Guds frelseshandling. Det er han som skaper oss til eit nytt menneske når vi blir født på nytt, slik Esekiel 36 profeterer om det nye hjartet og den nye ånda. Det er han som på grunn av forsoninga ikkje tilreknar oss syndene men i staden tilreknar oss Kristi rettferd, slik David vitnar i Salme 32. Og det er Gud som har gjort Kristus til synd for oss i den djupe handlinga av soning, slik den store forsoningsdagen (3 Mos 16) vitnar om. Slik ser vi fylde i Guds forsoning og frelse stige fram for oss i løpet av korte vers.

Forsoning som varig teneste

Teksta gir oss enda eit perspektiv. Gud er den som er eineansvarleg for forsoninga. Samtidig har han overgitt oss forsoninga sin teneste (v.18), ordet om forsoninga (v.19) og gjort oss til utsendingar i hans freds- og forsoningsteneste (v.20). Utsendingsperspektivet er altså tydeleg. Frelsa er Kristus i vår stad. Misjon er at vi forkynner frelsa i Kristi stad. Det er noko han «tiltrur» oss på ein slik måte at verda skal høyre Jesus når dei høyrer oss, at det jødiske folket skal høyre Messias sjølv i dei som vitnar for Messias.

Paulus har tidlegare i teksta markert kva motivasjon han sjølv har for si teneste for evangeliet: ærefrykta for Herren gjer at han prøver å vinne menneske (v.11), noko Guds kjærleik også tvingar han til (v.14). Tenestemotivet i avsnittet er altså dominerande.

Forsoninga kan ha både vertikal og horisontal retning. Teksta vår legg primært vekt på den vertikale, freden med Gud. Det bør vel også vere der vekta ligg denne fastesøndagen. Samtidig er ikkje Bibelen framand for at denne forsoninga i Messias også peikar mot relasjonar av *shalom* mellom menneske og mellom folk.

Vi som har tenesta vår overfor det jødiske folket, kjenner behovet for slik forsoning. Det kan gjelde den uretten som kyrkja har gjort overfor jødane gjennom historia. Den uretten har eit einseitig ansvar, og vi må som kyrkje og som vestlege land te oss deretter overfor det jødiske folket. Vi må finne måtar å dele evangeliet på som tar omsyn til at vi som kyrkje har brukt historia til å øydelegge forholdet og tilliten som det jødiske folket kan ha til oss.

Det kan gjelde den uforsonlege situasjonen som herskar i Midt-Austen, der våre messianske søsken har eit særleg kall til å vise kva forsoninga i Jesus Messias kan bety midt inn i hat og mistru. Vi som har lett for å ta side, må også huske at dette er ein konflikt som har fleire ansvarlege partar.

Om preika

Preika kjem naturlegvis ikkje utanom ordet forsoning. Ordet er ikkje ukjent og irrelevant, men utfordringa for predikanten blir å bruke det på ein forståeleg måte. I si tid var det henta rett ut frå vanlege realitetar mellom menneske og mellom folk. Predikanten må bruke ordet slik at denne naturlege forståinga trer fram og ikkje berre hamne i ei dogmatisk drøfting av forsoningsmodellar.

Det andre stikkordet som predikanten ikkje kjem unna, er misjon i tydinga tenesta for evangeliet. Her må teksta sitt tyngdepunkt i det vertikale få mest plass, at menneske, jødar og heidningar, må bli frelst. Dette bør likevel ikkje utelukke eit sideblikk til forsoninga si horisontale kraft.

Utan å skissere nokon vidare disposisjon, ville eg ha bygd opp preika med desse to brennpunkta.

Rolf Kjøde

førstelektor, NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no